



# Høgskulen på Vestlandet

## Bacheloroppgave

BLU-BACH15

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	16-12-2019 09:00	<b>Termin:</b>	2019 HØST
<b>Sluttdato:</b>	03-01-2020 14:00	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Bacheloroppgave		
<b>SIS-kode:</b>	203 BLU-BACH15 1 BOPPG 2019 HØST stord		
<b>Intern sensor:</b>	Dag Skram		

### Deltaker

<b>Navn:</b>	Silje-Margrete Fjærtøft
<b>Kandidatnr.:</b>	229
<b>HVL-id:</b>	183349@hvl.no

### Informasjon fra deltaker

<b>Tittel *:</b>	Born i sorg	
<b>Antall ord *:</b>	10780	
<b>Navn på veileder *:</b>	Dag Skram	
<b>Egenerklæring *:</b>	Ja	<b>Jeg bekrefter at jeg har Ja</b> <b>registrert oppgavetittelen</b> <b>på norsk og engelsk i</b> <b>StudentWeb og vet at</b> <b>denne vil stå på</b> <b>vitnemålet mitt *:</b>

### Gruppe

<b>Gruppenavn:</b>	Silje-Margrete Fjærtøft
<b>Gruppenummer:</b>	18
<b>Andre medlemmer i gruppen:</b>	Deltakeren har innlevert i en enkeltmannsgruppe

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei



## BACHELOROPPGÅVE

Kva er dei vanlegaste sorgreaksjonane hjå born og korleis kan ein som pedagogisk leiar i barnehagen møta eit barn som har opplevd dødsfall i nær relasjon?

**Silje-Margrete Fjærtøft**

Kandidatnummer: 229

Namn på bachelorprogrammet: BLU-BACH15

Fakultet: Avdeling for lærarutdanning og kulturfag

Rettleiar: Dag Skram

Innleveringsdato: 03.01.2020

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.*

## Innholdsfortegnelse

<b>1.0</b>	<b>Innleiing .....</b>	<b>3</b>
1.1	<i>Bakgrunn for val av tema .....</i>	3
1.2	<i>Problemstilling og omgrepsavklaring.....</i>	3
1.3	<i>Oppgåva si oppbygning .....</i>	4
<b>2.0</b>	<b>Metode.....</b>	<b>5</b>
2.1	<i>Val av metode .....</i>	5
2.2	<i>Informantane .....</i>	6
2.3	<i>Forskingsetikk.....</i>	6
2.4	<i>Metodekritikk .....</i>	7
<b>3</b>	<b>Teori.....</b>	<b>8</b>
3.1	<i>Kva er sorg?.....</i>	8
3.2	<i>Sorg hjå born .....</i>	9
3.3	<i>Sorgreaksjonar hjå born.....</i>	10
3.3.1	<i>Dei direkte sorgreaksjonane .....</i>	10
3.3.2	<i>Vanlige sorgreaksjonar.....</i>	11
3.3.3	<i>Andre moglege sorgreaksjonar.....</i>	12
3.4	<i>Pedagogisk leiar i møte med born i sorg .....</i>	13
<b>4</b>	<b>Funn og drøfting .....</b>	<b>16</b>
4.1	<i>Tilretteleggingsarbeid .....</i>	16
4.1.1	<i>Sorgreaksjonane .....</i>	16
4.1.2	<i>Omsorg .....</i>	17
4.2	<i>Korleis skal ein i rolla som pedagogisk leiar møta eit barn som opplever dødsfall i nær relasjon...17</i>	17
4.2.1	<i>Rolla som pedagogisk leiar .....</i>	17
4.2.2	<i>Syn på born .....</i>	20
4.2.3	<i>Foreldresamarbeid.....</i>	22
4.2.4	<i>Tida etter / vidare .....</i>	23
<b>5</b>	<b>Avslutning .....</b>	<b>24</b>
<b>6</b>	<b>Litteratur.....</b>	<b>26</b>
<b>7.0</b>	<b>Vedlegg .....</b>	<b>28</b>
7.1	<i>Intervjuguide, pedagogisk leiar .....</i>	28
7.2	<i>Intervjuguide, psykiatrisk sjukepleiar .....</i>	29

## 1.0 Innleiing

### 1.1 Bakgrunn for val av tema

Å svara på kva sorg er, kan vera vanskelig, sidan sorg omhandlar mykje. I boka *Å sørge* (2019) av Kristiane M. Hansson står det «sorg er prisen vi betaler for å elske noen». Sorg kan vera eit vondt og brutalt møte med ein ny kvardag, der den personen ein elsker, ikkje eksisterer. Når nokon opplever sorg, er sorga ein emosjonell respons på tap, med ulike psykologiske og fysiske reaksjonar (Hansson, 2019, s. 16). Det å ha ein emosjonell respons på tap, kan verta knytt opp mot det å oppleve dødsfall i nær relasjon. Min familie fekk for sju år sidan livet snudd på hovudet. I november 2012 døde min far, min omsorgsperson og førebilete brått og uventa. Då pappa døde gjekk brørne mine i tredje og fjerde klasse. For å belyse bakgrunnen for temavalet mitt, vil eg trekka fram at det er avgjerande at ein ikkje legg lokk på det som angår sorg, at det ikkje vert tabubelagt og at ein må snakka om det som er vanskeleg. Eg og min familie har opplevd dødsfall i nær relasjon. Det at me har opplevd eit dødsfall gjer oss ikkje meir eller mindre utrusta i livet. Eg og familien min har bagasje med oss, men den bagasjen er det også andre som har med seg. Korleis eg i rolla som pedagogikk leiar skal møte born i sorg, bygger i hovudgrunn på korleis ein skal gjera livet best mogeleg for kvart enkelt barn. Eg kan sitja i barnehagen å fortelja om min pappa som har blitt ei stjerna, når borna spør meg om han. Korleis ein i rolla som pedagogisk leiar skal møta andre born i sorg, er komplisert. Det å møta born i sorg er for meg vanskeleg, sidan sorg er trist, ubehageleg og umogeleg å ha ein fasit på (Hansson, 2019, s. 98-99). Bakgrunnen for at eg har valt å skriva om sorgreaksjonar og dødsfall i nære relasjonar, handlar om at eg ikkje kjenner på å ha tilstrekkeleg kompetanse på dette området. Arbeid med sorg, vil eg nok møta i min yrkeskarriere som barnehagelærar og pedagogisk leiar.

### 1.2 Problemstilling og omgrepsavklaring

Med utgangspunkt i det eg har skreve ovanfor, har eg formulert fylgjande problemstilling: *Kva er dei vanlegaste sorgreaksjonane hjå born og korleis kan ein som pedagogisk leiar i barnehagen møta eit barn som har opplevd dødsfall i nær relasjon?* Med utgangspunkt i gitt problemstilling, ser eg det relevant å forklara omgrepa sorg og sorgreaksjon. Omgrepa vil verta meir utdjupa i teoridelen.

Sorg kan ein ofte kople opp mot kjensler kring eit tap. Det engelske språket har fire ord som omhandlar sorg. Dei ulike orda er «sorrow», «loss», «grief» og «mourning». Dei ulike

engelske orda dekkjer eit vidt spekter, medan det norske ordet sorg dekkjer uttrykk, erfaringar, tankar og kjensler. Sorg rommar både indre og ytre faktorar (Hansson, 2019, s. 18). Sorgreaksjonar omhandlar ein psykisk reaksjon hjå eit menneske. Dei psykiske reaksjonane omfattar sinne, tristhet, redsel og frustrasjon. Omfanget av sorgreaksjonar vil alltid variera blant menneske. Korleis sorg og sorgreaksjonar utløpar hjå eit menneske, er avhengig av personlegdom, tidlegare erfaringar, ressursar, og korleis storleiken og alvorsgrada kring dødsfallet er (Norsk Helseinformatikk, 2019).

### **1.3 Oppgåva si oppbygning**

I metoddelen vil eg definera kva ein metode er. Eg vil deretter ta for meg kvalitativ og kvantitativ forskingsmetode. Val av metode for denne oppgåva er kvalitativ metode. For å kunne samla inn empiri, har eg nytta to informantar. I teoridelen tar eg for meg teori som er relevant og knytt opp mot oppgåva si problemstilling. Deretter vil eg presentera litteratur som omhandlar sorgreaksjonar hjå born og born i sorg. Teoridelen har eg delt inn fire kapittel. Dei ulike kapitla omhandlar sorg, sorg hjå born, sorgreaksjonar og pedagogisk leiar i møte med born i sorg. I drøftingsdelen drøftar eg den relevante teorien opp mot funna i dei kvalitative intervju.

## 2.0 Metode

Når ein omtalar metode, er det relevant å sjå på korleis ein skal gå til verks for å framkalla eller etterprøva kunnskap. Gjennom å velja ein konkret metode, vil ein lettare kunna fokusera på kunnskap til det aktuelle området, som i denne oppgåva er sorg hjå born (Dalland, 2012, s. 111).

### 2.1 Val av metode

I samfunnsvitskapen er det to metodar ein kan nytta til forskning. Dei to metodane er kvantitativ metode og kvalitativ metode. Kvantitativ metode byggjer på å innhenta empiri gjennom verbale utsegn eller med forskjellige formar for utspørjingsteknikkar. Det som karakteriserer den kvantitative metoden er at spørsmåla vert bestemt på førehand. Gjennom å nytta kvantitativ metode, kan ein nytta standardiserte intervju, der dei same spørsmåla vert stilt til deltakarane. Ein kan også i denne metoden nytta spørjeskjema. Gjennom å nytta spørjeskjema, kan deltakarane bli spurt over telefon, internett eller ved personleg oppmøte. Ein annan kvantitativ metode er «enqueter». «Enqueter» byggjer på at deltakaren sjølv administrere sjølve lesinga av spørsmåla og noteringa på spørjeskjemaet. Ved kvantitativ metode er det nokon klare fordelar. Ein fordel med kvantitativ metode, er at informasjonsmengda og tal på variablar er redusert til det ein er interessert i. Vidare er kvantitativ metode ein sterk ressurs opp mot å kunne stilla same spørsmål til eit bestemt tal på deltakande. Det som gjer kvantitativ metode til ein god form for å samle empiri og kunnskap, er at ein gjennom data kan atterarbeida og analysa eit bestemt tema (Halvorsen, 2002, s. 95).

For å samla inn empiri til oppgåva mi, har eg valt å nytta kvalitativ forskingsintervju. Det å nytta kvalitativ forskingsintervju, gjer det fleksibelt å skaffa informasjon og detaljerte beskrivingar som ein kan nytta stort sett overalt (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 77). Eit kvalitativt forskingsintervju byggjer på å forstå verda sett frå intervjupersonen sin ståstad. Målet med kvalitativt forskingsintervju er å få fram verdien av folk sine opplevingar og erfaringar av verda. Retta mot oppgåva vil opplevingane og erfaringane til den pedagogiske leiaren og den psykiatriske sjukepleiaren vera med på å forstå korleis deira ståstad er og korleis verdiane deira er retta mot problemstillinga (Dalland, 2012, s. 140). Til utgreiinga av spørsmåla til informantane har eg nytta to ulike semistrukturerte intervju. Då eg kontakta

informantane, forklarte eg kva formålet med intervjuet var. Vidare opplyste eg informantane om at det heile var anonymt, slik at ingen vil kunne kjenna til informantane eller aktuelle opplysningar kring intervjuet. Intervjua med informantane gjekk som planlagt. I intervjua starta eg med eit opningsspørsmål, deretter stilte eg aktuelle spørsmål knytt til temaet (Dalen, 2011, s. 111).

## 2.2 Informantane

I kvalitative intervjustudie, er det eit krav kring konfidensialitet. Konfidensialitet byggjer på at all informasjon informantane gjev kring personlege forhold, vert behandla konfidensielt. For å skjerme og beskytte informantane, er det avgjerande at ein delvis anonymisere det materiellet som informantane har gjeve under intervjuet. Under intervjurundane, møtte eg den pedagogiske leiaren og den psykiatriske sjukepleiaren separert, ansikt til ansikt. Noko som var viktig før, under og etter intervjua, var at informantane kjente seg trygge. Avgjerande for at informantane skal kunna gjera eit intervju, er at den innsamla informasjonen framkomme i intervjuet, vert behandla fortroleg. Det er også viktig at ein ved ein seinare anledning ikkje skal kunna føra informasjonen tilbake til informanten (Dalen, 2011, s. 101-102).

Informantane som eg har intervjua til oppgåva er ein pedagogisk leiar i barnehage og ein psykiatrisk sjukepleiar som jobbar i kommunal helseteneste. Når eg referer til informantane vil eg nytta *pedagogisk leiar* og *psykiatrisk sjukepleiar*. Når eg refererer til begge vil eg bruka *informantane*. Til oppgåva har eg nytta «Grounded Theory». «Grounded Theory» vart utvikla av Anselm Strauss og Barney Glaser. Ved «Grounded Theory» i denne kvalitative metoden, tar eg utgangspunkt i kva perspektiv og oppfatningar informantane sjølve har til analysen av temaet (Dalen, 2011, s. 41).

## 2.3 Forskingsetikk

Når ein jobbar med å samla inn empiri til eit forskingsarbeid, er forskningsetikk ein avgjerande faktor å ta omsyn til. Forskingsetikk omhandlar personvern og etiske drøfting. Kunnskapen ein samlar inn til den gitte problemstillinga i denne oppgåva, skal dekkja kunnskap kring menneske. Tillit til informantane er ein avgjerande faktor knytt til å kunne få eit forskingsarbeid, der ein skal avdekkje empiri. Forskingsetikk i seg sjølv, byggjer på planlegging, gjennomføring og rapportering av forskning. For å kunna gjennomføra forskning,



er det viktig å følgja reglar og møta eventuelle utfordringar. Med bakgrunn i at det er knytt krav til forskning, har eg informert informantane om at eg vil ivareta personvernet deira. For oppgåvas del, er det avgjerande at personvernet vert vedlikehaldet, slik at informantane kan dela sine eigne opplevingar og erfaringar, utan at datainnsamlinga ikkje vert misbrukt (Dalland, 2012, s. 94). Undersøkinga og forskinga i denne oppgåva, er basert på analyser, tolkingar, diskusjonar, vurderingar og presentasjon kring born i sorg etter dødsfall i nær relasjon. Dette er ei vitenskapleg oppgåva. Ei vitenskapleg oppgåva er ein undersøking av eit fagleg relevant problem som ved bruk av teori og metode (Dysthe, Hertzberg & Hoel, 2010, s. 146-147).

## 2.4 Metodekritikk

Den kvalitative metoden byggjer på å få fram eit resultat som ikkje er målbart, verken med mål eller tal. Den kvalitative metoden får resultatet etter intervju som byggjer på å fanga opp opplevingar og meiningar kring eit bestemt tema. Den kvantitative metoden byggjer på å gje data i form av målbare einingar. Ved den kvantitative metoden er formålet å finna eit gjennomsnitt eller prosent av eit bestemt tema. Både den kvalitative metoden og den kvantitative metoden har både svake og sterke sider ved seg. Begge forskingsmetodane bidreg på kvar sin måte til at ein meistrar å finna og sjå ein djupare forståing av grupper og enkelte menneske i samfunnet. Vidare har dei ulike metodane som formål å gje eit overblikk over korleis samfunnet er og kva kunnskapar og meiningar som er i samfunnet (Dalland, 2012, s. 112). Etter å ha nytta kvalitativ forskingsintervju, må ein vurdere relevansen og kvaliteten kring den innsamla empirien (Dalland, 2012, s. 74). Opp mot kjelder, kan ein spørje seg om innhaldet hadde vore det same, dersom ein hadde intervjuet nokon andre, gjort intervjuprosessen annleis eller om ein hadde gjort intervjuet på eit anna tidspunkt. Til oppgåva har eg nytta relevante kjelder og kjelde vert definert i Dalland (2012) «*En kilde er et sted hvor grunnvann kommer frem i dagen. Kildevannet er da rensset gjennom lag med grus og sand, og er derfor renere enn vanlig overflatevann. Kilde brukes også om opphavet til kunnskap, ikke alt som presenteres som kunnskap er like holdbart*». For å kunna nytta ei kjelda, er det avgjerande å finna ut om kjelda er relevant og brukbar. Etter intervjuet er kunnskapen målt opp mot kvalitet og relevansen til temaet. Knytt til feilkjede kan ein undra seg over om spørsmåla er blitt riktig formulert, om datainnsamlinga er påliteleg, og om resultatet hadde vore annleis dersom eg hadde snakka med born, eller andre fagpersonar (Dalland, 2012, s. 63).

### **3 Teori**

I denne delen vil eg ta for meg teori som er relevant for min problemstilling.

#### **3.1 Kva er sorg?**

Sorg kan vera den direkte reaksjonen etter eit dødsfall. Sorg over ein person som er død, skil ein frå andre typar sorg, sidan det inneberer eit tap (Sjøvik, 2014, s. 205). Korleis sorg vert opplevd og korleis sorg vert uttrykt er avhengig av personlege, sosiale, kulturelle og situasjonsmessige forhold. Sorg vert oppfatta på ein tradisjonell måte, der eit eller fleire dødsfall står i fokus. Synet på sorg har forandra seg og er i endring. Tidlegare i historia såg ein på død som noko overnaturlig. Det å dø før i tida, var å koma til ein annan eksistens. Historisk har menneske i vesten hatt eit naturleg syn på døden, ein nødvendig avslutning på det å leva. Før i tida var dødsfall ein del av kvardagslivet. I dagens samfunn er sorg og død blitt tabulagt, institusjonalisert og profesjonalisert. Det har skjedd ei endring gjennom åra, der død har gått frå å vera naturleg til å bli noko som ikkje passar inn i vore liv og verdier. Den forskinga som finst kring sorg, bere preg av vestleg kultur og kvit kristen kultur. I dagens samfunn ligger det ein historisk endring kring sorg. Sorg vert meir og meir opent, det å sakna er akseptabelt og det vert gjeve rom for å minna den døde (Bugge, Eriksen & Sandvik, 2003, s. 11).

Sorg kan definerast som reaksjonar på opplevingar av tap. Når eit barn opplever eit tap, angår tapet den grunnleggande livssituasjonen til barnet og kva livet har i betydning (Bugge, 2003, s. 16). For å forstå kva sorg er, kan ein nytta definisjonen som Sigmund Freud utvikla i arbeidet sitt med *Mourning and melancholia*. Freud definerer sorg som «en reaksjon på tapet av en elsket person eller tapet av et abstrakt som har tatt en slik persons plass, som f.eks. fedrelandet, friheten, et ideal». I eit seinare arbeid av Freud, *Das Ich und das Es*, utvider Freud omgrepet sorg til «enhver vesentlig frustrasjon og enhver oppgivelse av noe følges av sorg. Prosessen til sorg følger tapet og prosessen vert definert som sorgprosess. Sorgprosessen er etter Freud ein universell reaksjon i vekst og tilpassing. Sorgprosessar bere eit tap av noko gamalt, i det ein ny struktur og verkelegheit vert bygd opp. Ein annan teoretikar som har forska på sorg, er John Bowlby. Bowlby definerer sorg og det å sørgja som psykologiske prosessar. Dei psykologiske prosessane vert sett i gang når det er eit tap av ein elska person. Det å sørgja etter Bowlby sin teori førekjem også etter at ein har gjeve slepp på den elska personen. Vidare seie Bowlby at born kan føla på ulike subjektive tilstandar etter eit tap av

ein elska person. Tapet og smerten med sorga, er noko som høyrer saman med det som ein kallar sorgarbeid (Edvardson, 2003, s. 20).

### **3.2 Sorg hjå born**

Dyregrov (2006) skriv at av moglege dødsfall, har dødsfall hjå eit barn sine foreldre den største konsekvensen. Det å mista mor eller far fører med seg at ein mister ein person som står for kjærleik og dagleg omsorg (Dyregrov, 2006, s. 41). Sorg er eit sårt og vanskelig tema, der det ikkje finst ein mal for korleis ein syner sorg etter tap. Hjå born finst det heller ingen mal eller oppskrift på korleis born syner og opplever sorg. Det å oppdaga og forstå born sine uttrykk for sorg, kan vera meir avansert og vanskeleg å få auga på enn hjå vaksne (Hansson, 2019, s. 96). Born si forståing av døden vert utvikla parallelt med den tankemessige modninga gjennom barndommen. Blant born vert utviklinga av dødsomgrepet utvikla i forskjellig tempo, men utviklingsgongen er den same. Born i barnehagealder har lett for å forstå døden som noko som ikkje er permanent. Det at born oppfattar død som ikkje permanent er fordi born ikkje har ein ferdig utvikla forståing av kva liv er og korleis kroppen og kroppsdelar fungerer (Dyregrov, 2006, s. 15).

Som tilsett i norske barnehagar må ein vera førebudd på å møte born i kritiske situasjonar, samt foreldre og andre i personalet. Det er ingen som veit når det utenkelege skjer. Ulykker og dødsfall er noko som rammar born og vaksne. Utarbeiding av ein beredskapsplan, vil i yrkesrolla gje ein ei oversikt over kva ein skal førebu seg på når krisesituasjonen finner stad (Raundalen & Schultz, 2006, s. 195). Ein beredskapsplan er noko alle barnehagar i Norge skal ha gjennomført. Ein beredskapsplan er plikta til å ha overordna retningslinjer for ansvarsfordeling innanfor personalet. Når eit barn opplever sorg, er beredskapsplanen ei oversikt der barnet får tidleg og konstruktiv hjelp. Beredskapsplanen skal også vera kjent for born sine pårørande og andre institusjonar. Når krisesituasjonen finn stad, er minutta dyrebare. Korleis ein skal opptre i krisesituasjonar vert styrt etter korleis ein skal kontakta dei nærmaste pårørande, korleis dei forskjellige forsikringsordningar og kriseberedskapslaget i kommunen er. Som tilsett i barnehage, skal ein opptre på grunnlag etter relevant fagleg kunnskap og innsikt og evne til empati. Barnehagar kan utforma beredskapsplanane forskjellig. Sjølv om barnehagar kan utforma eigne beredskapsplanar, bør barnehagane ha kommunen sin plan for leiing i krisesituasjonar. I barnehagar er det styraren som har ansvaret for at beredskapsplanen er oppdatert, vert gjennomgått og drøfta blant dei tilsette. Det å ha ein

kontinuerleg gjennomgang, sikrar at dei tilsette er klar over ansvarsfordelinga og at dei har kjennskap til korleis ein skal forholde seg i ulike krisesituasjonar (Sjøvik, 2011, s. 227-228).

### **3.3 Sorgreaksjonar hjå born**

Sorg og minning over den døde er forskjellig frå menneske til menneske. For nokre er det å sjå på bilete, det å besøke gravstaden eller det å tenka på den døde, ulike formar på å minnast den døde. Korleis eit menneske eller eit barn vil sørgja, er avhengig av personlegdommen, mestring og av tidlegare erfaringar og reaksjonar. Korleis eit barn møter og opplever eit dødsfall, atterspeglar seg i kva bakgrunn og livssituasjon barnet er i. Når eit menneske opplever sorg, er det knytt oppgåver og forventingar til kva ein må vera merksam på. For born kan ein sorgreaksjon førekomma dersom barnet opptre annleis enn før i ulike situasjonar. Når ein ser på sorgreaksjonar, ser ein at det finst fleire ulike typar. Sorgreaksjonar er måten sorga viser seg på. Sorg er ein prosess som går i bølger, difor kan også sorgreaksjonane koma og gå. For eit barn som har opplevd sorg, vil det vera ein veksling over når sorga er der og ikkje. Sorg kan vera hyppig, meningslaus og smertefull. Uansett korleis eit barn opplever sorg, er ingen sorgreaksjonar uvanleg (Bugge, 2003, s. 43). Born i førskulealder kan ha lett for å skifta mellom å vera i sorg og å gå ut av den. Born i førskulealder kan i det eine augneblikket vera sterkt oppteken av sorg og sakn. Etter ein gjennomgang av sorg og sakn, kan barnet etterpå gå aktivt inn i lek. For born kan det vera vanleg at dei unngår og ikkje snakkar om sorg og dødsfall. Eit barn har ikkje uavgrensa kapasitet til å tolerera intense emosjonar over lengre periode. For born i førskulealder kjem og forsvinn sorga. Sorgreaksjon hjå born kan koma ved at frustrasjonsterskelen er låg. Dersom frustrasjonsterskelen er låg, kan born sine reaksjonar verta mykje sterkare framstilt enn vanleg (Bugge, 2003, s. 107).

#### **3.3.1 Dei direkte sorgreaksjonane**

Sjokk og vantru byggjer på at eit barn ikkje erkjenner at dødsfallet er ein realitet. Når eit barn opptre med sjokk og vantru, held barnet smerter og det vonde på avstand. Når eit barn opptre med sjokk og vantru, kan barnet til dømes reagere med «det er feil, nei, det er ikkje sant!». Når eit barn reagerer med sjokk og vantru, vil det vera forventa at barnet, på eit seinare tidspunkt, vil reagere sterkare. I vaksenrolla er det avgjerande at ein har kjennskap til dei ulike sorgreaksjonane, slik at ein ikkje trur at barnet ikkje merkar noko til sorga. Noko som ein i vaksenrolla kan forventa av eit barn i sorg, er gråt. Uansett er det å ikkje grina også eit

forventa sorguttrykk. Deretter kan vaksne reagere med uro, viss born ikkje gret når barnet er i sorg. Ein annan direkte sorgreaksjon byggjer på redsel og protest. Dersom eit barn opplever redsel og protest, kan ein oppleve at barnet er vanskeleg å trøyste. Under opplevinga av sjokk og vantru, tar barnet steg for steg innover seg sorga, utan å verta overvelda kjensle messig. Med sjokk og vantru, opptrer ein med ein dekningsmekanisme, som gjer ein utrusta til å takle ein tung påkjenning. Apati og lamming er ein annan type sorgreaksjon som born kan oppleve. Når eit barn opplever apati eller lamming, vil barnet fortsette som om nesten ingenting har skjedd. Born i barnehagealder, har evner til å regulere kjenslene under utvikling. Å oppleve eit dødsfall i nær relasjon, kan for eit barn vera for mykje å ta inn og barnet kan då setta det heile på pause. For nokre born er det å fortsette med vanlege aktivitetar, ein annan sorgreaksjon (Dyregrov, 2006, s. 20-21).

### **3.3.2 Vanlige sorgreaksjonar**

Angst kan oppstå etter ei samling av ulike livshendingar og situasjonar, som for eksempel etter dødsfall i nær relasjon. Angst kan vera vanleg å utvikla etter ein traumatisk oppleving. Når eit menneske får angst, opplever menneske mangel på kontroll, det å vera redd og hjelpelaus (Hansson, 2019, s. 88). Angst, depresjon og frykt, kan variera frå barn til barn. I samspel med born kan ein oppleve eit barn som har mista ein i nær relasjon, som meir krevjande og klengande. Angsten hjå eit barn etter eit nært dødsfall, kan atterspegla seg i at barnet kan ha større vanskar med separasjon i leveringssituasjonar og at barnet vil vera nær foreldra. Angsten atterspeglar seg i at tryggleiken til verkelegheita forsvinn når ein av dei nærmaste til eit barn døyr (Dyregrov, 2006, s. 22-23). Det å få angst etter eit dødsfall, atterspeglar seg i korleis det aktuelle dødsfallet fann stad. Dersom eit barn opplever eit dødsfall i nær relasjon, kan barnet oppleve angst kring det å besøka staden dødsfallet skjedde. Eit barn kan oppleve angstsymptom ved at barnet vert konfrontert med ting eller situasjonar, som barnet sterkt assosierer med den avdøde (Bugge, 2003, s. 178).

Minner er noko eit barn har over den døde. Minner som eit barn kan sitja igjen med, kan verta utløyst direkte eller indirekte av minner om det som har skjedd. Minner med nye opplevingar kjem på lik linje med søvnforstyrningar. Søvnforstyrring, i form av innsovningsvanskar og hyppig oppvakning, er vanleg blant born i sorg. For somme born kan det vera skummelt og vanskeleg å sova, dersom søvn vert kopla opp mot den døde. Hjå eit barn som har søvnforstyrring, kan ein som vaksen heima eller i barnehagen forvente å oppleve at barnet ikkje vil sova og at barnet kjem og søker kontakt. Ofte etter at ein har lagt seg, samlar tankane

seg. Når eit barn legg seg, skal det ikkje mykje til for at barnet treng kontakt og tryggleik. Dersom det er i ein situasjon at dødsfallet har eit preg av sterke minner, kan tankane lett koma når barnet skal sova, altså når tankane ikkje er opptekne av andre ting. Søvnforstyrninga førekjem av ein indre redsel. Den indre redselen gjer at kroppen vert uroleg, og dermed vert det meir problematisk å falla i søvn. Når eit barn har falt inn i søvn, kan det fort koma vonde draumar eller mareritt. I born sine draumar, kan minne om den døde vera vondt og uynskt. Etter vonde draumar og tankar, kan uro og rastløysa vera eit resultat på å forsøka å meistra og koma seg vidare. Vidare kan born utvikla ein frykt for at draumane skal koma, slik at ein redsel for å sova førekjem. Born med redsel for søvn, har lett for å søka til andre å sova saman med (Dyregrov, 2006, s. 25-26).

Korleis tristhet, lengsel og sagn viser seg hjå born, varierer. For dei borna som isolerer seg, gøymer seg og trekker seg tilbake, finst det også ein tristhet, lengsel og sorg. For nokre born er det naudsynt å få gråte mykje. Born er i utvikling og det er derfor forventa at dei yngste borna har korte periodar med tristheit. Nokre born kan også skjula sorgreaksjonane ved å unngå å gjera foreldra triste, og skylde på at det er noko anna som gjer barnet trist. Sagn er alt frå den daglege kosen og tryggleiken som den døde ga, til hjelp med dagligdagse gjeremål. For nokre born kjem sagn sterkast når andre er glade (Dyregrov, 2006, s. 26). For born i førskulealder, er det normalt å forventa sinneanfall når barnet er i sorg. Sinneanfall kan førekoma i protest, der reaksjonar kan vera spark og slag. Vanleg for born er at dei klarer å vera opne og svært konkrete i måten dei uttrykkjer sinnet sitt på. Sinnet born utstrålar, kan ta ulike retningar. Born kan la sinnet sitt gå ut over personar i nær relasjon, Gud, døden eller andre (Dyregrov, 2006, s. 30-31). Skyld, sjølvkontrollering og skam er vanleg for ein stor del av born i sorg. Sorgreaksjonane kan plaga born i tida etter eit dødsfall (Dyregrov, 2006, s. 31). Når born opplever dødsfall kan barnet tenka på ting dei ikkje har gjort og ting dei skulle ynskja seg å ha gjort. Skulda kring dødsfall kan førekomma når sjalusi vert vridd om til skam, ved barnet sin egosentriske og magiske tankegang. Skuld hjå born må ein som vaksen vera merksam på, då born lett kan kjenna på det (Dyregrov, 2006, s. 33).

### **3.3.3 Andre moglege sorgreaksjonar**

I tillegg til dei direkte og dei vanlege sorgreaksjonane, finst det også andre moglege sorgreaksjonar hjå born. Andre sorgreaksjonar som kan førekomma hjå born i sorg er regressiv åtferd, sosial tilbaketrekning, fantasiar, personlegdomsforstyrning, framtidspessimisme, grubling over årsak og meining, vekst og modning. Desse

sorgreaksjonane er ikkje så vanleg som dei andre sorgreaksjonane, men kan førekomma (Dyregrov, 2006, s. 35).

### **3.4 Pedagogisk leiar i møte med born i sorg**

Born er opptatt av å ha rutinar og tryggleik kring seg. Som vaksen i møte med eit barn som har opplevd eit dødsfall i nær relasjon, er bevaringa av rutinar og tryggleik med på å hjelpe barnet i sorg. Etter eit dødsfall i nær relasjon, skjer det endringar i familien. I familiar med born, kan ein forventa å finna og sjå tette band mellom familiemedlemmane. Etter eit dødsfall og i møte med det barnet det gjeld, er det viktig å få fram at barnet alltid vil vera ein del av familien sin. Når eit barn opplever eit dødsfall i nær relasjon, kan barnet fort kjenna på utrygghet og ustabilitet. Med utryggleik og ustabilitet, vil barnet også føla på reaksjonar knytt til endringar i rollane og samspelet i familien. Når ein skal møte eit barn i sorg, må ein også ha kjennskap til foreldra og/eller andre i nær relasjon til barnet, då dette kan ha påverknad på barnet. Når ein som vaksen skal møte eit barn som har opplevd eit dødsfall i nær relasjon, må ein sjå nærmare på tre hovudpunkt. Det fyrste punktet i møte med eit barn i sorg, er kva forståing barnet har av døden. Det andre punktet omhandlar betydninga dødsfallet har for barnet si utvikling. Det tredje punktet byggjer på å gje barnet i sorg moglegheit til å uttrykkja si sorg (Bugge, 2003, s. 104). Når ein i vaksenrolla skal møte born i sorg, er foreldresamarbeid viktig. Foreldresamarbeid byggjer på at barnehagen i samarbeid og forståing med heimen, skal ivareta barnet sitt behov for omsorg og leik, samt fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Når eit barn opplever dødsfall i nær relasjon, skal barnehagen leggja til rette for foreldresamarbeid og god dialog med heimen. Etter dødsfall i nær relasjon, skal den pedagogiske leiaren i barnehagen ha fokus på foreldrerteleiing. Foreldrerteleiing byggjer på å gje foreldra informasjon kring korleis barnehagen jobbar og handterer ei slik krise (Raundalen & Schultz, 2006, s. 56). Foreldresamarbeidet etter eit dødsfall er med på å gje alle informasjon og hjelp kring hendinga. Foreldresamarbeid i norske barnehagar skal skje på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Foreldresamarbeid på individnivå står sentralt etter eit dødsfall i nær relasjon, hjå eit barn. På individnivå skal barnehagen leggja til rette for at foreldra og barnehagen med jamne mellomrom kan utveksle observasjonar og vurderingar knytt til trivsel, erfaring, utvikling, helsa og læringa til barnet. Barnehagen skal grunnleggje vurderingane sine overfor foreldra og ta omsyn til kva foreldra meiner. Foreldresamarbeidet skal sikra at foreldra får medverka til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet. Både

foreldra og personalet må ta inn over seg at barnehagen har eit samfunnsmandat og eit verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåva å forvalta. Barnehagen må arbeide for at barnet ikkje skal koma i lojalitetskonflikt mellom heimen og barnehagen (Kunnskapsdirektoratet, 2017, s. 29).

Det finst ikkje ein standardfasit på korleis born opplever og reagerer på sorg. Born er ulike og born opptrer på forskjellige måtar. For å kunna hjelpa born i sorg, må ein som pedagogisk leiar vera førebudd på å møte born i sorg og krise. For å kunna hjelpa eit barn med å arbeida seg gjennom sorga og det å koma seg vidare i livet, er det avgjerande at ein som pedagogisk leiar lærer å jobba med dei ulike reaksjonane. For å kunna læra å jobba med dei ulike situasjonane, er det vesentleg at alle tilsette i barnehagen har kunnskap om krisesituasjonar. Det viktigaste for eit barn i sorg, er å møte personale i barnehagen som verkeleg bryr seg om barnet. Vidare er det viktig at barnet møter personale som har vilje og evne til å sørgja for at barnet får hjelp og moglegheit til å atterarbeida dei vonde opplevingane i krisesituasjonen (Sjøvik, 2014, s. 204).

Omsorg i barnehagen byggjer på at alle born skal trivast, vera trygge, samt at born skal utvikla nestekjærleik og empati. Når eit barn opplever eit dødsfall i nær relasjon, er det avgjerande at barnehagen møter barnet ved å tilpassa barnehagen opp mot barnet og dei andre kring. Når eit dødsfall inntreffer, er det vesentleg at barnehagen gjev barnet moglegheit til å utvikla tillit til seg sjølv og andre. Som pedagogisk leiar, er det viktig å leggja til rette for at barnet vert sett, respektert og forstått. Vidare er det også viktig å leggja til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom personalet, barnet og barnegruppa. I norske barnehagar er ein som vaksen påboden å støtta og hjelpa eit barn, der dei er og etter kva behov barnet har. Når ein skal hjelpa og støtta eit barn i sorg, er det viktig å fremma glede, trivsel og mestring. Det fysiske miljøet i barnehagen er også ein viktig faktor som atterspeglar seg i korleis ein møter born i sorg. Det fysiske miljøet i barnehagen skal vera trygt. Ved eit godt fysisk miljø vert det lettare for alle born å delta aktivt i leik og andre aktivitetar. I møte med eit barn i sorg, er tilgjengelegheita av leiker og andre materiell i det fysiske miljøet med på å hjelpa barnet der det er (Kunnskapsdirektoratet, 2017, s. 19). Når born opplever eit dødsfall, bed ofte born om klar melding frå omsorgsfulle vaksne. Den vanskelegaste samtalen med born om døden, har som mål at det skal vera forståeleg og tryggande. For at ein samtale om døden skal vera forståeleg og tryggande for eit barn, er det viktig at den vaksne opnar opp og snakkar om det vanskelegaste. Når ein snakkar om det vanskelegaste med eit barn i sorg, er det viktig å framlegga at ein gjer det for at barnet skal få kontroll over vanskelege tankar. Målet med dei



vanskeleg samtalane kring det å yta omsorg til eit barn i sorg byggjer på at ein ikkje skal framkalla sterke kjensler. Når målet er å ikkje framkalla sterke kjensler, er målet at ein skal dempa uuthaldelege kjensler som allereie finst i barnet (Raundalen & Schultz, 2011, s. 51).

Det å skapa kontakt med eit barn, kan for nokre høyrast ut som ein sjølvstøtt ting. I vaksenrolla som pedagogisk leiar er det å skapa kontaktevner med born, det mest grunnleggjande kvalitetskriteriet. Det å skapa kontakt mellom eit barn og ein vaksen, handlar om samspel mellom alle dei ulike kanalane ein kan nytta når ein er i kontakt med andre menneske. Dei ulike kanalane ein kan koma i kontakt med andre på, er kroppskontakt, verbal kontakt, psykisk kontakt, blikkontakt og kontakt gjennom fellesopplevingar. Det å skapa kontakt mellom eit barn og ein vaksen, er ikkje ein sjølvfølgje. Det at ein vaksen har og skapar kontaktevne, krev målretta arbeid. Igjen er måten ein skapar kontakt med eit barn på, ulikt mellom dei vaksne. Nokre gongar krev relasjonsbygging og kontaktevne med eit barn, meir og hardare arbeid. Det at det krev forskjellig arbeid for å skapa kontakt med eit barn på, heng saman med at alle born er ulike. Det at alle born er ulike, heng saman med at ein som vaksen i barnehagen må møte alle born på deira nivå. I rolla som pedagogisk leiar møter ein på forskjellige utfordringar. I møte med utfordringar må ein som pedagogisk leiar arbeida med samarbeidsoppgåver, planleggingsoppgåver eller rettleiing. Når ein har fokus på barnets beste og kontaktetablering, er omsorg, læring og utvikling hjå born heilt avgjerande (Askland, 2011, s. 15). I norske barnehagar skal ein tilpassa det allmennpedagogiske tilbodet etter behov og føresetnad til eit barn. Ekstra støtte til born, gjeld både i korte og lengre periodar. Når eit barn opplever eit dødsfall i nær relasjon, kan barnet vera i behov av ekstra støtte, slik at barnet vert møtt etter behov. Eit barn som opplever dødsfall, har i barnehagen rett på å få eit inkluderande og likeverdig tilbod. Det å inkludera barnet i barnehagen, omhandlar også sosial deltaking. Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekkja behova sine innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplysa foreldra om retten til å krevja ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp (Kunnskapsdirektoratet, 2017, s. 40).

## **4 Funn og drøfting**

I denne delen av oppgåva, vil eg drøfta teori opp mot funna frå intervjuet med den pedagogiske leiaren og den psykiatriske sjukepleiaren.

### **4.1 Tilretteleggingsarbeid**

#### **4.1.1 Sorgreaksjonane**

Den pedagogiske leiaren fortalte i sitt intervju at det varierer korleis eit barn opplever og møter sorg på. Korleis sorgreaksjonane utspeglar seg, heng saman med utviklingsfasane hjå born. Det er ulike kriterium kring sorgreaksjonar på kva ein kan forventa til dei ulike aldrane. Når eit barn opplever eit dødsfall i nær relasjon, vil barnet visa og uttrykkja nokre direkte sorgreaksjonar. Dersom eit barn har blitt informert om eit dødsfall, vil sorgreaksjonane atterspegla seg i kva informasjon barnet har fått under sjukdomsløpet. Førebuing og det å ha moglegheita til å ta farvel, kan atterspegla seg i korleis sorgreaksjonane til barnet vert. Dersom eit barn opplever eit dødsfall utan forvarsel, kan sorgreaksjonane visa seg i andre uttrykk enn om barnet var informert om dødsfallet på forhand. Dei direkte sorgreaksjonane er sjokk og vantru, redsle og protest, apati og lamming, og fortsetting av vanleg aktivitet. Dei direkte sorgreaksjonane kjem uansett, sjølv om barnet kan vera mentalt førebudd. Uansett er det ein stor variasjon i korleis eit barn reagerer når eit dødsfall finn stad. Den psykiatriske sjukepleiaren sa i sitt intervju at det er avgjerande at eit barn ikkje blir behandla på ein bestemt måte. Den psykiatriske sjukepleiaren la vekt på at alle born er ulike, ingenting er feil og at ingen sorgreaksjonar skal stemplast som unormale. På lik linje med vaksne, reagerer ikkje born på ein bestemt og fastslått måte (Dyregrov, 2006, s. 20). Pedagogisk leiar kom med fleire parallellar til eigen erfaringar kring sorg. Pedagogisk leiar fortel om egne erfaringar kring dødsfall, men at ho har meir kjennskap og erfaringar kring born som opplever samlivsbrot og skilsmisse. Den pedagogiske leiaren la vekt på at sorgreaksjonar kjem til syne hand i hand med bagasjen barnet har med seg. Den pedagogiske leiaren fortalte at sinne og merksemdkrevjande åtferd, samt frustrasjonar og utagering, er sorgreaksjonar ein oftast ser. I barnehagen der den pedagogiske leiaren jobbar, har dei nytta eit opplegg som heiter «være sammen». Opplegget omhandlar relasjonsbygging, arbeid med egne kjensler, møte med born og korleis ein skal handtere utagerande born.

### **4.1.2 Omsorg**

Etter intervjuet sa begge informantane at det er viktig å gje eit barn i sorg, omsorg. Donald Woods Winnicott har ein teori som byggjer på eit haldande miljø med god nok omsorg. Pedagogisk leiar sa i intervjuet at ein alltid skal ha barnets beste i fokus. Med bakgrunn i teorien til Winnicott, er det til barnets beste å gje både psykisk og fysisk omsorg. Når eit barn er i sorg, kan det komma både kjente og ukjente kjensler til syne. Winnicott meiner born ikkje vert fødd med kjensler, men at dei gradvis kjem fram etter dei fyrste leveåra. I møte med born, er det viktig å la barnet få sjå seg sjølv. Når eit barn ser seg sjølv, kan barnet ha ei av å verta sett, bli verdsatt og anerkjent for det barnet er. Den pedagogiske leiaren påpeika at det i kontakten med born i sorg, er viktig å vera sensitiv, våken, gje støtte og vera ein trygg og roleg vaksen. Etter Winnicott sin teori, speglar born seg i den vaksne. Når eit barn får omsorg og kjærleik, kan også barnet verdsetta dette hjå seg sjølv. Den vaksne kan uttrykkja seg med stemme, kropp, blick og ansikt, deretter vert signala gradvis bygd opp i barnet sitt sjølvbilete. For at sorga hjå eit barn ikkje skal verta skadeleg, er det å yta riktig og god omsorg avgjerande. Det å øydelegga eller skada born sitt sjølvbilete, kan få alvorlege konsekvensar. I følge Winnicott sin teori, skal ein som vaksen ta imot både negative og positive kjensler frå born. Born i sorg har lov til å le, skrika, smila og grina. I rolla som omsorgsperson er det viktig å vera tydeleg i dei signala ein sender til barnet. Som omsorgsperson, kan ein ikkje senda ut ulike signal på dei same reaksjonane og situasjonane. Som omsorgsperson er det også viktig at ein ikkje unngår å senda signal til eit barn i sorg. Det å ikkje senda signal til eit barn i sorg, kan vera meir skadeleg enn å senda feil signal (Askland & Sataøen, 2013, s. 59). Born skal ha ei oppleving av at dei lever i ein meningsfull samanheng og har verdi for fellesskapet. Det å støtta opp eigenverdien til born er noko begge informantane står inne for. Eigenverdien skal verta fremma gjennom kjensler og handlingar (Askland, 2011, s. 50).

## **4.2 Korleis skal ein i rolla som pedagogisk leiar møte eit barn som opplever dødsfall i nær relasjon.**

### **4.2.1 Rolla som pedagogisk leiar**

I norske barnehagar har den pedagogiske leiaren ansvar for å setja i verk og leia det pedagogiske arbeidet. I rammeplanen står det at ein som pedagogisk leiar skal rettleia og sørge for at barnehagelova og rammeplanen blir oppfylt gjennom det pedagogiske arbeidet. I rammeplanen står det vidare at den pedagogiske leiaren skal leia arbeidet med planlegging,

vurdering, utvikling, gjennomføring og dokumentasjon Som pedagogisk leiar, har ein ikkje nødvendigvis ansvar for alle områda, men heller dei områda ein i rolla skal leia (Kunnskapsdirektoratet, 2017, s. 16).

Leiing står sentralt innanfor alle organisasjonar. I barnehagar er det den pedagogiske leiaren som har ansvar, og ansvaret byggjer på å rettleie dei andre tilsette i arbeidet kring korleis organisasjonen jobbar (Skogen, Haugen, Lundestad & Slåtte, 2013, s. 23). I Noreg har ein Barnelova (1981) som gjev overblikk og lovverk kring foreldre og barn, og korleis ein som pedagogisk leiar skal kunne arbeide saman med dei (Skogen, 2013, s. 268). Born i sorg og krise er eit stort og samansett problemområde. Knytt til born i sorg og krise, finst det relevant teori og det er eit stort og dagsaktuelt tema. Sjølvik (2014) formidlar at born i sorg og krise, er noko som bør prioriterast høgt i barnehagelærarutdanninga. Etter snart fullført barnehagelærarutdanning, kan eg ikkje stå inne for at undervisning kring born i sorg og krise har vore høgt prioritert i utdanninga. I intervjuet med den pedagogiske leiaren, spurte eg om kva ho hadde hatt om sorg i utdanninga si. Den pedagogiske leiaren svarte fort: «Veldig lite, skremmande lite. Kva gjer ein i ein slik situasjon?» (Sjølvik, 2014, s. 205). Den psykiatriske sjukepleiaren formidla viktigheten av å møta barnet der det er, at ein tilbyr støtte, at ein er synleg og gjev den informasjonen som er forventa. I intervjuet med den pedagogiske leiaren, kom det fram at ein som pedagogisk leiar må synleggjera profesjonaliteten i yrkesutøvinga, når ein møter born og vaksne i sorg- og krisesituasjonar. I sorg- og krisesituasjonar er det i barnehagen avgjerande å stå saman som eit team, ikkje vera redd for å søka og tilkalla hjelp og vera imøtekommande. I intervjuet fortalte den pedagogiske leiaren at det i rolla som pedagogisk leiar, må ein vera roleg, trygg og lojal mot barnet og ikkje frykta lengsel. Den pedagogiske leiaren meiner det er ei god løysing å nytta samling i barnehagen, når eit barn opplever dødsfall i nær relasjon. I samlinga kan den pedagogiske leiaren formidla situasjonen og dødsbodskapet. Den pedagogiske leiaren formidla også at det kan vera ein ide å nytta barnesamtalar saman med borna. Gjennom å nytta samling og barnesamtalar som verktøy, kan ein skapa dialog med undring og openheit. Ordet død, er eit abstrakt ord, og for fleire kan det vera lett å leggja skjul på det døden omhandlar. I rolla som pedagogisk leiar, meiner begge informantane at det vil kunna vera skadeleg å ikkje vera open og ikkje fortelja. Dyregrov (2006) hevdar at det er liten hensikt med å halda informasjon kring eit dødsfallet skjult for born. Born treng å høyre sanninga. Korleis sanninga kring dødsfallet vert presentert for born, må vera tilpassa barnet sin alder (Dyregrov, 2006, s. 93).

Som tilsett i ein barnehage skal ein vera spesielt merksam på teikn og signal frå born som ikkje har det godt. Det er personalet, med pedagogisk leiar i spissen som har ansvar for at alle born har det bra og at dei får den hjelpa dei treng (Sjøvik, 2011, s. 225). Beredskapsplanar til barnehagar er til for å sikra born tidleg og konstruktiv hjelp. Under intervjuet med pedagogisk leiar, samtala me om beredskapsplanen til barnehagen. Beredskapsplanen i barnehagen vert følgt av den kommunale planen for krisehjelp. Beredskapsplanen har ulike kapitittel. Nokre av kappittela omhandlar dødsfall i barnehagetida, dødsfall utanfor barnehagetida, barn eller personale, og dødsfall i barnet sin næraste familie: foreldre eller sysken. I denne oppgåva, er det i hovudsak naturleg å ta for seg kapittelet som omhandlar dødsfall i barnet sin næraste familie: foreldre eller sysken. I beredskapsplanen står det at styraren har ansvar for å innhenta og bekrefte informasjon om dødsfallet. Vidare skal styrar også informere alle i personalet om dødsfallet. Dersom barnet sjølv ikkje er i barnehagen, skal det bli gitt informasjon til dei andre borna om dødsfallet. Informasjonen som vert gjeven i barnehagen, skal koordinerast av styraren. Informasjonen skal samstundes vera så sakleg og konkret som mogleg. I beredskapsplanen, står det tydeleg at barnet som har mista nokon i nær relasjon, er i sorg. Beredskapsplanen er vidare tydeleg på at ein må vera open for reaksjonar og spørsmål kring døden frå borna. Den pedagogiske leiaren og-/eller styrar, tar vidare kontakt med heimen, der ein gjev informasjon om det som har blitt gjort i barnehagen. Ein kan også i denne kontakten opna opp for den vidare kontakten kring dødsfallet. I beredskapsplanen står det vidare om korleis styrar eller pedagogisk leiar skal gje informasjon til heimane etter drøfting med pårørande. I beredskapsplanen kjem det til slutt tydeleg fram kva arbeid og informasjon som skal innsamlast før barnet er tilbake i barnehagen. Beredskapsplanen til barnehagen avsluttar kapittelet med tre gode råd kring born i sorg. Dei tre gode råda som kjem fram i beredskapsplanen er at ein skal ta initiativ ovanfor barnet og fortelja alt ein veit, ha blikket på barnet utan å vera påtrengande og ta med fagfolk på råd, dersom det er naudsynt. Reaksjonsmåtane hjå born i kriser varierer. Små born er i ein mindre grad enn vaksne i stand til å setja ord på eigne kjensler. Born er også i mindre grad enn vaksne i stand til å forklara eigen åtferd. Som den pedagogiske leiaren sa under intervjuet, har det stor betydning at ein som pedagogisk leiar møter barnet der det er og har kunnskap kring born i sorg og born si utvikling (Sjøvik, 2011, s. 206). Døden er universell og i løpet av livet vil kvar og ein oppleve dødsfall. Som tilsett i ein barnehage, vil ein møta born som opplever dødsfall i nær relasjon. Når eit barn opplever dødsfall, kan dødsfallet få store konsekvensar. I intervjuet fortalte den pedagogiske leiaren viktigheten av å støtta opp vennskap, leikesituasjonar og skapa relasjonar

i møte med born i sorg. Det å vera støttande og vera tilgjengeleg saman med barnet og borna kring, vil ha konsekvensar for korleis vegen vidare vert (Sjøvik, 2011, s. 208-209).

#### **4.2.2 Syn på born**

Under intervjuja påpeikte begge informantane at synet på born bør byggja på at ein anerkjenner born som medmenneske. Det å behandla born som medmenneske, byggjer vidare på at ein ser på born som subjekt, ikkje objekt. I denne forstand betyr dette at begge partar skal stå på lik linje og vera subjekt. Vidare fortel den pedagogiske leiaren at synet på born skal vera universelt, altså at alle born har rett til si eiga oppfatning. Det den pedagogiske leiaren meiner med rett til eiga oppfatning, er at barnet sine opplevingar ikkje skal verta stempla som feil av andre. Vidare vert det formidla at det kan vera lett for å endra synet på eit barn, når det skjer ei slik endring. I sorgsituasjonar, er det ofte lett å ta ei ansvarsrolla. Den pedagogiske leiaren formidla at det lett kan tenkast at ein som vaksen kan gjera barnet til eit objekt. I møte med born i sorg og for å unngå endring i synet på barnet, er det viktig å vera synleg, tilgjengeleg, ha kontroll og undre seg saman med barnet. Korleis ein som pedagogisk leiar skal møta eit barn, atterspeglar seg i menneskesyn og verdisyn. Kva som er rett og galt, kan vera problematisk å vera fasiten på når ein skal møta eit anna menneske. Synet på born, byggjer på kva slags verdisyn ein har. I rolla som pedagogisk leiar vert ein kjent med mange born. Kanskje vert ein betre kjent med eit barn når det har opplevd eit dødsfall i nær relasjon. I kontaktforholdet mellom den pedagogiske leiaren og eit barn, ligg det asymmetri. Vaksne har meir kunnskap og erfaringar i møte med born i sorg, etter eit dødsfall i nær relasjon. Born på den andre sida, har begynt å samla erfaringar og kunnskap. Det er med asymmetri det kan bli fare for at synet på barnet vert eg-det-forhold, altså subjekt-objekt (Askland, 2011, s. 33-34). Begge informantane fortalte at det er avgjerande at den pedagogiske leiaren går frå perspektivet sitt, riv seg laus frå si eiga ståstad og forsøker å ta barnet sitt perspektiv. I rammeplanen (2017) står det at barnehagen skal fremja respekt for menneskeverdet, mangfald og gjensidig respekt. I møte med eit barn i sorg, skal barnet få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, leva og handla på. Eit godt verkemiddel for eit barn som opplever dødsfall i nær relasjon i barnehagen, er at barnehagen skal gje erfaringar og synleggjera verdien av fellesskap. Begge informantane formidla at fellesskap er noko som kan halda livet på rett bane. I eit fellesskap kan eit barn oppleve glede og mestring, som igjen er med på å fremja det pedagogiske arbeidet kring sorg (Kunnskapsdirektoratet, 2017, s. 9).

Den psykiatriske sjukepleiaren formidla at det i møte med eit barn i sorg, er viktig at ein uansett møter barnet om eit medmenneske. Den psykiatriske sjukepleiaren formidla vidare at det etter hennar erfaring, er lett å ta ei bestemt rolla i møte med born i sorg, som igjen fører til at barnet vert gjort om til eit objekt. Når ein ser barnet for den det er, kan det føra med seg at ein som pedagogisk leiar meistrar å skapa dialog med barnet. Dersom ein ikkje behandlar eit barn som medmenneske, kan kvaliteten på barnehagekvardagen og tida etter prega synet på born og korleis ein møter, arbeider og behandlar born. Den psykiatriske sjukepleiaren meiner det er krevjande og vanskeleg å skapa kontakt med eit barn i sorg. Tar ein utgangspunkt i dette, er oppleving knytt til relasjon ein viktig faktor for at synet på barnet er med på å praktisera at barnet vert møtt på ein riktig, ordentleg og forventa måte. Den pedagogiske leiaren meiner det er viktig å vera ein autoritativ vaksen kring synet på born. Den pedagogiske leiaren fortel at det å vera autoritativ byggjer på relasjonsbygging, der tryggleik er i fokus. I intervjuet formidlar den pedagogiske leiaren at dei i barnehagen likar å nytta det som vert kalla «banking time». «Banking time» omhandlar å investera i småfrekvensar. Å investera i småfrekvensar byggjer på å gå varsamt fram, for å kunne sjå barnet for det barnet er. Vidare omhandlar «banking time» det å lesa og kjenna på kva barnet liker, gjerne ved observasjon, slik at det vert skapa gode relasjonar mellom barnet og den vaksne, eller med fleire born saman.

Den kontakten den pedagogiske leiaren har med foreldre, kan lett blandast med dei forventningane ein har til barnet. Når ein møter eit barn om eit medmenneske, får barnet vera seg sjølv og den vaksne tar på denne måten ikkje vekk barnets rettigheter. Born sitt sjølvbilete skal ikkje verta krenka når eit barn opplever eit dødsfall. Sjølvbilete til born vert danna på grunnlag av medfødde disposisjonar og erfaringar. Korleis ein som pedagogisk leiar møter eit barn i sorg, vil påverka barnet sin vidare utvikling. I møte med barnet, er det viktig å ta omsyn til barnet sine kjensler. Vaksne opptreer ulikt. Det at barnet har eit trygt og godt bilete av den vaksne, er med på å skapa gode og trygge relasjonar. Det å ha gode og trygge relasjonar, gjer det lettare for barnet å kjenna seg trygg. I tillegg til barnet sitt sjølvbilete og bilde barnet har av den vaksne, fortel den pedagogiske leiaren at bruk av primærkontakt kan vera ei løysing for å støtta opp kring barnet. Den pedagogiske leiaren fortel at bruk av primærkontakt, i hovudsak kan vera mest relevant blant dei yngste barna (Askland, 2011, s. 44-46).

### 4.2.3 Foreldresamarbeid

I intervjuet med den pedagogiske leiaren, kjem det fram at foreldresamarbeid lett kan verta undervurdert. Sjølv om foreldresamarbeid på den eine sida kan bli undervurdert, er foreldresamarbeid noko som er heilt nødvendig og avgjerande. Gjennom foreldresamarbeid kan ein skapa god kommunikasjon, som er eit verkemiddel som førebyggjer vegring kring det å møta born i sorg. For at ein som pedagogisk leiar skal lykkast med eit barn, må ein også lykkast med foreldra. For å etablera og vedlikehalda foreldresamarbeid, må ein ha utvikla respekt, haldningar og forståing kring at born og foreldre er ulike. Under intervjuet med begge informantane, kom det fram at foreldresamarbeid er særst viktig. Det er ved foreldresamarbeid ein finn ut korleis ein skal møta det enkelte barnet og kva tiltak og arbeid som skal settast i verk. Gjennom å nytta foreldresamarbeid opp mot eit barn i sorg, er det å sjå på foreldra som ressurspersonar avgjerande. Når eit barn opplever dødsfall i nær relasjon, er verdigrunnlag og grunnhaldningar med på å letta dei vanskelege samtalanene og unngå at foreldra vert defensive. Når ein møter eit barn i sorg, fortel den pedagogiske leiaren at ein også må ta omsyn til religion, tru og livssyn. Som tilsett i norske barnehagar er det eit krav at ein er fordomsfri, anerkjennande og lyttande. Samfunnet i dag er og vert meir mangfaldig og den fleirkulturelle barnehagen veks. Den pedagogiske leiaren fortel under sitt intervju at under intervjuet at respekt og det å ha ein felles tilnærming, er med på å fremja variasjonen i barnehagen. Respekten byggjer vidare på at ein som pedagogisk leiar skal ta omsyn til nasjonalitet, livssyn og sosiokulturelle verdiar. Altså skal ein i møte med born i sorg, vera lydhør og open, og ikkje stigmatisera (Glaser, 2013, s. 115). I rolla som pedagogisk leiar fortel begge informantane at det er viktig å sørgja for at foreldra får moglegheit til å atterarbeida dødsfallet. I kontakten med foreldre og pårørande etter eit dødsfall, er det også viktig å gje rettleiing med fokus å ta vare på seg sjølv. Dette byggjer på at foreldre må ha det bra med seg sjølv, for å kunne ivareta barnet å best mogleg måte (Dyregrov, 2006, s. 75).

Den pedagogiske leiaren formidla at det å misforstå og feiltolka, kan føra til fortviling og skapa utfordringar i arbeidet med sorg. Den pedagogiske leiaren fortel vidare at dersom ein ikkje klargjer definisjonsmakta, kan det lett oppstå misforståingar. Noko som også kan vera problematisk i arbeidet kring sorg hjå barn, er at ein gløymer dei som ikkje er direkte påverka av dødsfallet. I foreldresamarbeidet er det viktig å avklara behovet i og at bagasjen til barnet ikkje vert gløymt eller behandla feil. Den psykiatriske sjukepleiaren fortel at sorg er ein heilt naturleg ting og at alle menneske opplever det. Vidare kom det fram at ein som tilsett i barnehagen ikkje skal vera redd for å få hjelp av andre. Godt arbeid og god dialog med



foreldre etter eit dødsfall er avgjerande for at barnet, familien og barnehagen skal koma vidare i kvar enkelt situasjon. Den psykiatriske sjukepleiaren la også vekt på at ein i foreldresamarbeidet viser at ein bryr seg, informerer om rutinar og prosedyrar, legger til rette for gode samtalar og informerer kring prosedyrar i heletenesta.

#### **4.2.4 Tida etter / vidare**

I intervjuet med den pedagogiske leiaren, vart det formidla viktigheita av å ta tida til nytte, vera lyttande og sensitiv, ikkje vera redd for å søka hjelp og ha barnets beste i fokus. Den psykiatriske sjukepleiaren formidla at sorga eit barn opplever, varar livet ut. Vidare formidla den psykiatriske sjukepleiaren at det er viktig at ein er observant på at verda går alt for fort vidare. Med dette meiner den psykiatriske sjukepleiaren at ein lever vidare med sorga, men at ein tar den med seg forskjellig. I rolla som pedagogisk leiar er det avgjerande at ein ikkje gløymer sorga hjå eit barn, sjølv om den ikkje er like synleg. Sorga kan fort gløymast i barnehagekvardagen, så eit råd frå den psykiatriske sjukepleiaren er at ein ikkje må vera redd for å ta tak i den. Sidan ein kan kjenna på at sorg er tabulagt og at det er sårt og vanskeleg å snakka om, er det viktig at ein tar tak i den meir enn for lite. Det å ta tak i sorga hjå eit barn, kan hjelpa barnet med å minna den avdøde, hjelpa barnet med å koma vidare i livet, klare barnehagekvardagen betre og ikkje minst hjelpa barnet med å snakke om det som er vondt. Den psykiatriske sjukepleiaren formidlar viktigheten av å hjelpa og møta barnet som opplever dødsfall i nær relasjon, med glede. Vidare formidla den psykiatriske sjukepleiaren at det er viktig å tenka at det er lov med latter og smil, sjølv om ein er såra og lei seg. For at tida etter og vidare skal gå radig for seg, er nettopp det å fremma gode situasjonar, minner og samspel, med glede i fokus svært bra. Eit råd den psykiatriske sjukepleiaren gav, var at ein ikkje alltid må vera alvorleg, då dette kan ha feil innverknad på barnet si oppleving av sorga og tida etter. Det viktigaste er altså å møta barnet, der barnet er og at ein ser på dødsfall og sorg på som noko naturleg og ikkje sjukeleg.

Det å nytta bøker som hjelpeverktøy, meiner begge informantane er viktig for å skapa kontakt med born i sorg, barnegruppene, foreldre og dei andre tilsette i personalet. Pedagogisk leiar seie også at bruk av dialogar og mindre grupper er gode løysningar. Til slutt gjev pedagogisk leiar råd og tips kring det å nytta digitale verkemiddel. I rammeplanen (2017) står det at den digitale praksisen skal bidra til kreativitet, leik og læring, og det kan difor vera eit godt verkemiddel i arbeid med sorg (Kunnskapsdirektoratet, 2017, s. 44). Vidare i rammeplanen (2017) står det om fagområdet kunst, kultur og kreativitet. Fagområdet tek for seg

uttrykksformer som språk, litteratur, biletkunst og kunsthåndverk, dans, musikk, drama, film, design og arkitektur. Bruk av fagområdet som eit verkemiddel i arbeid med sorg, kan føra med at barnet kan uttrykka seg (Kunnskapsdirektoratet, 2017, s. 50). Born har ein avgrensa kapasitet til å tolerera intense emosjonar over lengre tid. Hjå born er det vanleg at dei unngår å snakka om tapet. Vidare kan det gå fort mellom om barnet er oppteken av tapet, eller ikkje. Leik er noko begge informantane meiner er ein viktig faktor for vidare arbeid og tilrettelegging for born i sorg. Leik er born sin måte å forsøka å forstå ein tøff og i utgangspunktet ein uforståeleg situasjon eller oppleving på. For eit barn i sorg, kan leik hjelpa barnet med å atterarbeida og uttrykka kjenslene. Det ein også kan sjå, er at desto yngre barnet er, desto meir er barnet avhengig av det (Bugge, 2003, s. 107).

## **5 Avslutning**

For å runda av oppgåva kan ein sjå at dei vanlegaste sorgreaksjonane hjå born varierer. I intervjuet med den pedagogiske leiaren, kom det fram at sorgreaksjonar hjå born, heng saman med utviklingsfasen dei er i. Utviklingsfasane hjå born omhandlar personlegdom, meisting og tidlegare erfaringar og reaksjonar. Når ein studerer sorgreaksjonar, ser ein at det finst fleire ulike typar. Sorgreaksjonar hjå born førekjem når born opptrer annleis enn tidlegare. Etter eit dødsfall i nær relasjon, kan barnet visa direkte sorgreaksjonar. Ein kan deretter sjå vanlege og andre moglege sorgreaksjonar, som eg har tatt for meg tidlegare i oppgåva. I samanheng med dette, er det viktig å påpeika at ingen sorgreaksjonar er unaturlege og ein skal alltid møta barnet der det er. Den psykiatriske sjukepleiaren sa i sitt intervju at det er avgjerande at ein ikkje behandlar eit barn på ein bestemt måte. I dette ligg det at alle born er ulike, og at det derfor er ingenting som er feil eller unormalt. Trygge vaksne må vera merksam på at born lett kan skifta mellom å vera i sorg og ikkje. Den pedagogiske leiaren har i møte med born i sorg, ansvar for å rettleia dei andre tilsette i arbeidet kring korleis organisasjonen skal jobba og handtera den bestemte situasjonen. Som tilsett i ein barnehage skal ein vera spesielt merksam på teikn og signal frå born som ikkje har det bra. Det er personalet, med pedagogisk leiar i front som har ansvar for at alle born har det bra og at dei får den hjelpa dei treng. Den psykiatriske sjukepleiaren formidla i sitt intervju at ein skal møta barnet der det er, tilby støtte, vera synleg og gje den informasjonen som er forventa. I rolla som pedagogisk leiar skal ein jobba og forholde seg til både born og foreldre. Foreldresamarbeid byggjer på at barnehagen i samarbeid og forståing med heimen, skal ivareta born sitt behov for omsorg og

leik, samt fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Foreldresamarbeidet etter eit dødsfall er med på å gje alle informasjon og hjelp kring hendinga. Foreldresamarbeid i norske barnehagar skal førekomma på individnivå og på gruppenivå. Etter eit dødsfall i nær relasjon, skjer det endringar i familien. Når eit barn opplever eit dødsfall i nær relasjon, kan barnet fort kjenna på utryggleik og ustabilitet. Når ein som vaksen skal møte og hjelpa eit barn som har opplevd dødsfall i nær relasjon, er det viktig å bevara rutinar og tryggleik kring barnet. Dersom det førekjem utryggleik og ustabilitet, kan barnet kjenna på reaksjonar knytt til endringar i roller og samspel i familien. Når ein som pedagogisk leiar skal møte eit barn i sorg, må ein også ha kjennskap til sorga hjå foreldre og andre i nær relasjon til barnet, då dette kan ha innverknad på barnet. Den pedagogiske leiaren fortalte i intervjuet at ein kan nytta samling og barnesamtalar i barnehagen når eit barn har opplevd dødsfall i nær relasjon. Gjennom å nytta samling og barnesamtalar, kan ein skapa dialog, med undring og openheit. Begge informantane sa i intervjuet at bøker og leik, kan også vera gode hjelpeverktøy i vidare arbeid med born i sorg. Den pedagogiske leiaren sa i sitt intervju at det er viktig å ta tida til nytte i det vidare arbeidet. Ein må også vera lyttande, sensitiv, samt ikkje vera redd for å søkja hjelp. Den psykiatriske sjukepleiaren formidla i sitt intervju at sorg hjå eit barn vil vara livet ut. Vidare vart det påpeika at det er viktig å vera observant på at verda går veldig fort vidare. Med dette meinte den psykiatriske sjukepleiaren at born lever vidare med sorga, men at ein tar den med seg på ulike måtar. I rolla som pedagogisk leiar er det avgjerande at ein ikkje gløymer sorga hjå eit barn, sjølv om den ikkje er like synleg. Den psykiatriske sjukepleiaren formidla at sorga fort kan gløymast i barnehagekvardagen og at det derfor er viktig at ein ikkje er redd for å ta tak i den. Sorg er eit tabubelagt tema som er sårt og vanskeleg å snakka om. Det er derfor viktig at ein tar tak i det, meir enn for lite.

## 6 Litteratur

- Askland, L. (2011). *Kontakt med barn – Innføring i førskolelærerens arbeid på grunnlag av observasjon*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Askland, L., & Sataøen, S. O. (2013). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Barnehageloven. (2005). Lov om barnehager. Henta frå <http://www.lovdata.no/all/nl-20050617-064.html>
- Barnelova. (1981). Lov om barn og foreldre. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-04-08-7?q=barneloven>
- Bugge, E. K., Eriksen, H., & Sandvik, O. (2003). *Sorg*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Christoffersen, L., & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Dalen, M. (2011). *Intervju som forskningsmetode – en kvalitativ tilnærming*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Dyregrov, A. (2006). *Sorg hos barn: En håndbok for voksne*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Dysthe, O., Hertzberg, F., & Hoel, L. T. (2010). *Skrive for å lære: Skrivning i høyere utdanning*. Oslo: Abstrakt forlag.
- Edvardson, G. (2003). *Barn i sorg, barn i krise*. Oslo: Kolibri forlag.
- Glaser, V. (2013). *Foreldresamarbeid – barnehagen i et mangfoldig samfunn*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hansson, M., K. (2019). *Å sørge – En bok om tap, sorg, kraft og håp*. Oslo: Cappelen Damn.
- Halvorsen, K. (2002). *Forskningsmetode for helse- og sosialfag – En innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Cappelen Damn.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Innholdet og oppgåvene*. Henta frå <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf> (11.11.2019)

Norsk Helseinformatikk (NHI). (20.05.2019): *Sorgreaksjon*. Henta 9. desember 2019 frå <https://nhi.no/psykisk-helse/psykiske-lidelser/sorgreaksjon/>

Raundalen, M., & Schultz, J.H. (2006). *Krisepedagogikk*. Oslo: Universitetspedagogikk.

Raundalen, M., & Schultz, J.H. (2011). *Barn av virkeligheten – Læring for livet*. Oslo: universitetsforlaget.

Sjøvik, P. (2014). *En barnehage for alle - Spesialpedagogikk i barnehagelærerutdanningen*. Oslo: Universitetsforlaget.

Skogen, E., Haugen, R., Lundestad, M., & Slåtten, M. V. (2013). *Å være leder i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget.

## **7.0 Vedlegg**

### **7.1 Intervjuguide, pedagogisk leiar**

#### Problemstilling:

Kva er dei vanlegaste sorgreaksjonane hjå born og korleis kan ein som pedagogisk leiar i barnehagen møta eit barn som har opplevd dødsfall i nær relasjon?

Har du nokon erfaringar kring born i sorg?

Kan du hugse noko om sorg og dødsfall frå utdanninga di?

Føler du sorg er tabulagt?

Føler du «barnehagen» har god nok kompetanse?

Kva erfaringar har du kring det å få / oppretta kontakt med born?

Kva syn har du på born? Trur du det synet kan endre seg når eit barn opplever eit nært dødsfall?

Kva er dine tankar kring barnets beste, i dette tilfellet?

Korleis vil du ta opp temaet med barnet og i barnegruppa?

Kva tenker du kring foreldresamarbeid og kontakt med barnehage-heim.

Kva står det i beredskapsplanen om sorg og dødsfall i nær relasjon?

Kjenner du til sorgreaksjonane?

Kva trur du kan vera «problematisk» kring born i sorg?

Kva tenker du kring det at born er ulike og at dei opptrer ulikt i sorgsituasjonar?

## 7.2 Intervjuguide, psykiatrisk sjukepleiar

### Problemstilling:

Kva er dei vanlegaste sorgreaksjonane hjå born og korleis kan ein som pedagogisk leiar i barnehagen møta eit barn som har opplevd dødsfall i nær relasjon?

Korleis skal ein møta eit barn / born?

Korleis leggje til rette for eit barn i sorg?

Kan du gje eit godt råd kring born i sorg?

Kva er sorgreaksjon og kva er dei ulike sorgreaksjonar ein kan finne hjå born?

Kva er dei vanlege sorgreaksjonane?

Samarbeid med andre institusjonar.

Korleis skal ein møta eit born som har opplevd dødsfall i nær relasjon? – Kva er viktig å hugsa på?

Korleis ser ein vanleg kvardag ut etter dødsfall? – Kva kan ein «forvente»?